

# Handlingsplan 2018-2021

---



*Arkiva dokumenterer avgjerder, handlingar og minne. Dei utgjer ei unik og uerstattelig arv som vert overført frå generasjon til generasjon. Arkiva vert forvalta frå dei vert til, for å verne om verdien og meiningsinnhaldet deira. Dei er autoritative informasjonskjelder som stør pålitelege og transparente administrative prosessar. Dei spelar ei vesentleg rolle i samfunnsutviklinga ved at dei sikrar og bidrar til individets og fellesskapens minne. Ållmenn tilgang til arkiv gir oss rikare kunnskap om samfunnet, fremjar demokrati, vernar om rettane til innbyggjarane og betrar livskvaliteten*

**Verdserklæringa om arkiv vedteke i 2010.**

# Handlingsplan 2018-2021

Verdsklæringa om arkiv har ei samla arkivverd i ryggen. Ho skildrar samspelet mellom arkiv og samfunn og fortel kvifor arkiv er viktig. I ei tid kor eigarane våre gjennomlever store endringar er det særst viktig å halde fast ved grunnprinsippa i erklæringa, for å synleggjere og trygge dokumentasjonen eigarane produserer.

Interkommunalt arkiv i Hordaland (IKAH) tek samfunnsoppdraget sitt alvorleg og vår fremste oppgåve er å sikra og gjere historia til våre eigarar tilgjengeleg, både fysisk og digitalt. Målet er at vi gjennom selskapsavtalen kan tilby tenester, som best mogleg samsvarar med dette oppdraget.

I strategiperioden 2018-2021, skal det utførast fleire viktige oppgåver og kommunane skal igjennom store endringar. Vi skal synleggjere at det er eit føremon å vere eigar av IKAH. Sammarbeid innan fagfeltet og utvikling av felles løysningar gjer at ein skapar gode prosessar og kan levere gode og kostnadseffektive løysningar for eigarane våre.

Gjennom kartleggingar av arkivforvaltninga til eigarane ser vi skilnader i korleis samfunnsoppdraget er utført og vidare kva som står igjen i den einskilde kommunen. Vi ønskjer eit sterkt fokus på ein tydeleg, forutsigbar og nær dialog med eigarane. Vi må i mykje større grad vere innovative, gjere gode prioriteringar og tydeleggjere kvar problema er og korleis ein kan løyse dei.

Denne handlingsplanen er utarbeida etter strategimåla for 2017-2020. For at vi skal nå desse måla skal følgjande handlingspunkt gjennomførast fram mot 2021.

## 2018

### ***Vi skal vere tydelege og ha ein nær dialog med eigarane og brukarane***

1. Styret inviterer til årleg eigarmøte
2. Representantskapet møtast til ordinært representantskapsmøte
3. Vi skal gjennomføre samlingar for arkivleiarane

### ***Vi skal tilføre kompetanse og ha eit tenestetilbod som stetter behova i eigarkommunane***

4. Vi skal nå måla for deponering av fagsystem i samsvar med planen
5. Vi skal nå måla for ordning av arkiv frå perioden 1965-1985
6. Vi skal utvikle ein langsiktig kurs- og seminarplan for eigarane.
7. Vi skal gjennomføre oppdrag ut i frå oppdragsavtaler med eigarkommunane
8. Vi skal halde møter med kommunar som skal deponere personregister.
9. Vi skal nå arbeidsmåla for K13 kommunane<sup>1</sup>.

### ***Vi skal vere kostnadseffektive og ha tenester som gjev meirverdi***

10. Vi skal legge fram forslag til ny selskapsavtale og ny eigartilskotsmodell gjeldande frå 2020
11. Vi skal auke depotkapasitet i tråd med kommunane sine ynskjer og behov.
12. Vi skal avklare opsjon om vidare leige hjå Bergen Byarkiv innan august 2018

---

<sup>1</sup> K13 er samanslåingskommunene.

***Vi skal utvikle medarbeidarar med gode etiske verdiar og høg kompetanse***

13. Vi skal delta på arenaer og seminar som gjev kompetanseheving
14. Vi skal opparbeide kompetanse i prosjektstyring
15. Vi skal styrke kompetansen på digitalisering og digital dokumentforvaltning.

## **2019**

***Vi skal vere tydelege og ha ein nær dialog med eigarane og brukarane***

1. Styret inviterer til årleg eigarmøte
2. Representantskapet møtast til ordinært representantskapsmøte
3. Vi skal gjennomføre samlingar for arkivleiarane
4. Vi skal gjennomføre ein revisjon av kommunikasjonsprofilen vår.

***Vi skal tilføre kompetanse og ha eit tenestetilbod som stetter behova i eigarkommunane***

5. Vi skal opprette veker for deponering og ta i mot personregister eldre enn 2010
6. Vi skal nå måla for deponering av fagsystem i i samsvar med planen
7. Vi skal nå måla for ordning av arkiv frå perioden 1965-1985
8. Vi skal gjennomføre seminar og tilby kurs til eigarane

***Vi skal vere kostnadseffektive og ha tenester som gjev meirverdi***

9. Vi skal gjennomgå tilbod om oppdrag og tenester
10. Vi skal tilby nye depotavtaler i tråd med eigarane sine ynskjer og behov (gjeldande frå 2020)

***Vi skal utvikle medarbeidarar med gode etiske verdiar og høg kompetanse***

11. Vi skal gjennomføre ei kompetansekartlegging
12. Vi skal delta på arenaer og seminar som gjev kompetanseheving
13. Vi skal utarbeide og gjennomgå etiske retningslinjer.

## **2020**

***Vi skal vere tydelege og ha ein nær dialog med eigarane og brukarane***

1. Styret inviterer til eigarmøte
2. Vi skal presentere selskapet for nytt representantskap
3. Representantskapet møtast til ordinært representantskapsmøte
4. Vi skal gjennomføre samlingar for arkivleiarane.
5. Vi skal utvikle ein strategi med handlingsplan for formidling av arkiva

***Vi skal tilføre kompetanse og ha eit tenestetilbod som stetter behova i eigarkommunane***

6. Vi skal gjennomføre avleveringsveker for etterslep av avslutta fagsystem og sak- arkivsystem
7. Vi skal gjennomføre deponering av papirarkiv jamfør plan for deponering
8. Vi skal nå måla for ordning av arkiv frå perioden 1965-1985
9. Vi skal gjennomføre seminar og tilby kurs til eigarane

***Vi skal vere kostnadseffektive og ha tenester som gjev meirverdi***

10. Vi skal utvikle og betre styringsdokument for selskapet
11. Vi skal ha 90 % av fakturahandsaming over på EHF

***Vi skal utvikle medarbeidarar med gode etiske verdiar og høg kompetanse***

12. Vi skal delta på arenaer og seminar som gjev kompetanseheving
13. Vi skal opparbeide kompetanse i prosjektstyring
14. Vi skal gjennomføre ei HMS-kartlegging i selskapet

## **2021**

***Vi skal vere tydelege og ha ein nær dialog med eigarane og brukarane***

1. Styret inviterer til eigarmøte
2. Vi skal utvikle presentasjon av selskapet for nytt representantskap
3. Representantskapet møtast til ordinært representantskapsmøte
4. Vi skal gjennomføre samlingar for arkivleiarane

***Vi skal tilføre kompetanse og ha eit tenestetilbod som stetter behova i eigarkommunane***

1. Vi skal gjennomføre avleveringsveker for etterslep av avslutta fagsystem og sak- arkivsystem
2. Vi skal gjennomføre deponering av papirarkiv jamfør plan for deponering
3. Vi skal nå måla for ordning av arkiv frå perioden 1965-1985
4. Vi skal gjennomføre seminar og tilby kurs til eigarane.

***Vi skal vere kostnadseffektive og ha tenester som gjev meirverdi***

5. Vi skal gjere ei evaluering av rutine for rekneskapsrapportering

***Vi skal utvikle medarbeidarar med gode etiske verdiar og høg kompetanse***

6. Vi skal delta på arenaer og seminar som gjev kompetanseheving